



Os Bridgeklubbs yngste medlem, Thea Hauge, (snart 13 år), spiller fast i klubben saman med far Bjørn. Dei har gjort det godt denne sesongen og vunne fleire spelekveldar. Det blei 8. plass på Os, medan Sven Olai Høyland og Anders Dræge (med ryggen til) blei nummer 14.



Sandra Hauge held "vaffelpressa" i gang heile kvelden på Os. Det blir mykje vaflar og kaffi når 23 par møtest til klubbkamp.

Fekk bank av BAK

Klubbkampen mellom Os Bridgeklubb og Bergen Akademiske Bridgeklubb (BAK) blei spelt måndag 12. og 19. april. Det blei ein stor suksess med 25 par første kvelden og 23 par den andre.

Tekst: Leif Juvik

Foto: Torhild Rasmussen

Klubbkampen mellom Os og BAK blei for fyrste gong spelt i fjor, etter at fleire medlemmer av Os BK etterlyste ein slik kamp. Før i tida spelte Os fast ein slik kamp mot Honnør BK, men klubben blei etter kvart slått saman med Skjold BK, og klubbkampen forsvann.

Skulle det bli klubbkamp måtte ny motstander finnast, og BAK var ikkje vanskeleg å be då vi tok kontakt med dei hausten 2008.

Det blei solid BAK-siger begge kveldane i år. Første kvelden enda med + 127 poeng for BAK, medan BAK vann andre spelekvelde med + 92 poeng. Vandrepokalene som er sett opp blei dermed verande hos BAK, som no har to napp i han.

Viktigare enn poenga er nok likevel å få nokre spelekveldar litt utanom fast mønster – nokre klubbkveldar med mykje folk og "trøkk".

Slik har vi gjort det

Klubb mot klubb-turneringar er ikkje det mest vanlege her til lands, men det går godt an å få til. Enklast er det nok om ein del ting er på plass:

– Klubbane bør ha omlag like mange par som stiller på klubbkveldane.

– Den geografiske avstanden mellom klubbane bør ikkje vera for stor. For Os-spelarane tar det ca 40 minuttar med bil å koma seg til Bergen, og vise versa for BAK. Det er i alle fall innanfor det akseptable.

– Klubbane bør ideelt sett ha same spelekveld, slik at det ikkje blir problemar for spelarane å stilla "til bortekamp". Os og BAK spelar begge måndagar.

Vi har valt å spela kampen over to kveldar – ein heimekamp og ein bortekamp kvart år. Alternativt kunne vi spelt kun ein kveld, med heimekamp det eine året og bortekamp det neste.

For å sikra at det verkeleg blir ein klubbkamp spelar vi turneringa som ein "saksa Mitchell". Oppskrift på koleis ein sett opp ei slik turnering finn ein mellom anna i «Tävlingsledaren», som i alle fall tidlegare har vore å få kjøpt

gjennom Forbundet.

Spelarane frå den eine klubben sit då fast ved bordet (men skifter reining ved bordet etter eit på førehand fastlagt mønster), medan spelarane frå den andre klubben går til høgare bord. Spela går til lågare bord, og elles gjeld same "reglar" som vanleg Mitchell. Dersom begge klubbane stiller med akkurat like mange par vil dette funka heil perfekt. Slik blir det jo nesten aldri, men det går greit å la klubben som har for få par "låna" par frå klubben som har for mange. Para som blir lånt ut spelar likevel for sin eigen klubb, men vil i dei fleste rundane spela mot par frå sin eigen klubb.

Til slutt ender ein i ei slik turnering opp med ei resultatliste, ikkje to som ved vanleg Mitchell.

Ulempen ved å gjera det på denne måten er at utrekning må skje på "gamlemåten". Ikkje lett å få ei slik turnering opp å gå med Bridgema-te og spelstensilar, men det gjer ikkje så mykje å spela nokre kveldar på denne måten, når spelekveldane resten av året stort sett blir spelt med utrekning runde for runde og spelstensilar.



Resultat 6 beste

Måndag 12. april – Studentsenteret, Bergen

1. Christian Bakke – Tor Bakke, BAK, 226
2. Finn Fyllingslid – John Arthur Paulsen, BAK, 216
3. Jon Vegard Aa – David Ueland, BAK, 203
4. Bård Midtbø – Leif Nypan, BAK, 202
5. Leif Juvik – Dag Christensen, Os, 200
6. Anita Evertsen – Atle Seim, BAK, 199

Måndag 19. april – Os Eldresenter

1. Stig Gamlemshaug – Stein Ole Moberg, Os, 217
2. Atle Seim – Anita Evertsen, BAK, 211
3. Liv Bugge – Audun Gustavsen, BAK, 206
3. Christian Bakke – Gunnar Klette, BAK, 206
5. David Ueland – Jon Vegard Aa, BAK, 191
6. Reidar Dale – Joleiv Midttveit, Os, 190



God oppslutning begge kveldane då Os møtte BAK til klubbkamp. Dette biletet er frå spelinga på Os. På bordet nærast ser vi Anita Evertsen (leiar i BAK) som spelar med Atle Seim. Motstander denne runden er Arvid Lepsøy og Øyvind Moberg frå Os.